

Skage Taksering As  
Mongsedalen 9  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/7001 - 23/81999

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
24.10.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 315/11 Hopland**

Tiltak: Tilbygg bruksendring frå hytte til bustad, mur  
Byggjestad: Gbnr: 315/11  
Tiltakshavar: Hans Ivar Skjelvik  
Ansvarleg søker: Skage Taksering As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.09.2023.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er opplyst i søknaden at det skal koplast til kommunalt vatn, men det er ikkje gjeve løyve til dette. I sak 23/2154 har kommune etterlyst fleire opplysningar i brev av 08.08.23. Vi kan ikkje utstede løyve til bruksendring før det er avklart at tiltaket kan knytast til kommunalt vatn. Evt. om det er tilstrekkeleg privat vatn i brønn som drikke og slokkevatn.
2. Det er opplyst at det søkjast om bruksendring frå hytte til bustad, tilbygg til fritidsbustad, tilbygg til vedskul og murar. Vegtilkomst med parkering, utsleppsanlegg og VA-leidningar må takast med i søknaden.
3. Det er opplyst at søknad er ett-trinns sak og skal handsamast ila. 3 veker. Det er ikkje korrekt, då tiltaket inneheld søknad om fritak frå TEK17, vassstilkopling og utvida avkørsle frå offentleg veg er ikkje avklart og saka har fleire manglar.
4. Det er ikkje oppgjeve føretak for PRO/UTF røyrleggar sine arbeid, både vassstilkopling og utsleppsanlegg. Gjennomføringsplan skal oppdaterast, erklæring om ansvarsrett skal sendast inn. Evt. kan saka endrast til rammesøknad.
5. Mottatt teikningar tilfredsstillar ikkje kvalitet på teikningar til byggesøknad. Teikningar skal vere målsatt, målestokk skal visast. Planeringskote og kote på topp møne er ikkje satt. Planteikningar skal vise rominndeling med romfunksjon.
6. Vi trenger teikningar på mur med dimensjonar.
7. Situasjonskart skal vise målsatt avstand til alle nabogrenser, til veg. Vegtilkomst må vises i heile strekning, parkeringsplassar og minste uteoppenthaltsareal må visast på

kartet. I tillegg skal det visast VA-leidningar med utsleppsanlegg. Om tiltaka kryssar anna manns grunn skal det føreliggje samtykker frå naboar.

8. Det er søkt om fleire fritak frå TEK17, vi ber om samandrag med framtidige kompenserande tiltak for kvar punkt det er søkt fritak for med evt. årstal for utført utbetring/endring.
  9. Det står i opplysninga om tiltakets ytre rammar at nybygg skal ha bruksareal på ca. 110 m<sup>2</sup>. Er dette inklusiv bod/vedskul og parkeringsareal? Vi trenger nytt bruksareal og bygd areal for bustad og vedskul.
  10. Parkering er berekna til 15 m<sup>2</sup>, det er feil. 1 plass utgjer 18 m<sup>2</sup> ifølgje rettleiar til Grad av utnytting. Vi ber om ny utrekningsgrunnlaget for tomteutnytting.
  11. Det er opplyst om tilbygg til eksisterande utedo i nabovarsel. Skal utedo bevarast og nyttast vidare? Vi ber om nye planteikningar for både fritidsbustad og vedskul.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 27.11.23. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

**Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Dette er ikkje ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkningar i saksgangen.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

## Are Frøysland Grande Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

# Hans Ivar Skjelvik

Hoplandsvegen 95

5919 FREKHAUG

## Mottakarar:

Skage Taksering As

Mongsedalen 9

5918 FREKHAUG